	33 369 449	34 227 535	42 248 005

Note 15 - Samla ekstern gjeldsforplikting

Aurland Kommune har i tillegg til dei gjeldsforpliktingar som følgjer av kommunerekneskapen, jfr note 10, ansvar for følgjande gjeldsforplikting:

Føretak	31.12.2020	31.12.2019
Aurland Hamnevesen	3 460 530	4 434 214
Simas (5,4 % av total gjeld)	4 387 455	4 358 592

Note 16 - Sal av konsesjonskraft

	2020	Budsjett 2020	2019
Kjøp av kraft	12 627 895	14 000 000	12 543 486
Sal av kraft	17 493 532	20 000 000	24 798 509
			12 255
Netto	4 865 637	6 000 000	023

Note 17 - Ressurskrevande brukarar

Ressurskrevande brukarar er definerte som brukarar med ekstra store utfordringar økonomisk. Me får tilskot frå staten til desse brukarane; men ein stor del vert belasta kommunen sitt driftsbudsjett.

Utviklinga frå 2010 til 2020:

	Samla kostnad	Tilskot	Netto kostnad for kommunen
2010	6 344 000	1 034 000	5 310 000
2011	15 047 000	6 243 000	8 804 000
2012	23 706 600	11 504 000	12 202 600
2013	26 923 000	13 586 000	13 337 000
2014	34 214 000	17 482 000	16 732 000
2015	34 084 000	15 822 000	18 262 000
2016	31 155 000	14 742 000	16 413 000
2017	27 913 820	9 411 000	18 502 820
2018	27 524 428	8 729 000	18 795 428
2019	25 732 000	10 786 000	14 946 000
2020	23 780 408	9 841 609	13 938 799

NB! Dette er kun reine personalkostnader - andre kostnader som hus, administrasjon og støtte til utstyr kjem utanom og må dekkast av kommunen utan tilskot.

Note 18 - Tapsavsetjing

Aurland kommune brukar Lindorff til inkassotenester på uteståande krav.

Det er avsett kr 300.000 til å dekke eventuelle tap.

Note 19 - Kostnad pr eining

		Regnskap	Dispfond	Bunde fond	Buds(end)	Budsjett	Regnskap
		2020			2020	2020	2019
100	Politiske organ	2 822 615,89			3 015 766,00	2 988 000,00	139 122,30
110	Rådmannsfunksjon	26 532 505,67	-2 058 000,00	- 6 471 639,00	22 421 137,00	22 129 000,00	766 807,38
120	Kultur	4 703 476,00		49 084,00	5 060 424,00	4 995 000,00	740 910,00
210	ABV	19 223 107,41		- 2 065 860,00	19 246 780,00	18 879 000,00	20 048 102,46
221	Flåm barnehage	4 183 281,58			4 715 291,00	4 560 000,00	3 594 868,79
222	Vangen barnehage	7 331 967,53			7 226 241,00	7 810 000,00	6 458 508,54
230	Flåm skule	5 918 156,06		- 2 147,00	6 173 771,00	6 046 000,00	6 108 284,56
300	Helse og førebyggjing	17 437 595,04		241 935,00	16 313 322,00	15 094 000,00	14 642 320,29
301	Nav Aurland	1 574 046,56		- 1 711 674,00	1 360 212,00	2 000 000,00	1 844 418,49
302	Barnevern	2 361 819,63			2 557 023,00	2 703 000,00	2 696 403,33
310	Pleie og omsorg	36 598 175,02		438 702,00	38 021 984,00	37 037 000,00	37 309 307,71
311	Bu- og miljøtenester	23 903 015,25			22 235 311,00	21 835 000,00	23 849 380,84
500	Teknisk	24 634 585,38		- 297 539,00	25 811 738,00	24 263 000,00	24 311 315,14
800			5 098 915,00	25 011 602,00			
801	Løns-reguleringsfond	-			-	3 500 000,00	-
900	Nøytrale inntekter/utgifter	-			-	-	1 362 443,16
901	Pensjon	- 1 731 143,66			-	-	- 26 769,50
910	Konsesjonskraft	- 4 865 637,42			- 6 000 000,00	-10 000 000,00	- 12 255 022,61
	TOTALT	170 627 565,94	-2 058 000,00	- 9 819 138,00	168 159 000,00	163 839 000,00	158 590 400,88

Organisasjon

Årsverk

209 årsverk

Sjukefråver

Sjukefråvæer i Aurland kommune i 2020: 5,23%

Sjukefråvæer er litt lavare enn i 2019, då det var 5,4%

Sjukefråvæersstatistikken vår inneheld både eigenmeldt og legemeldt sjukefråvæer. Til samanlikning var legemeldt sjukefråvæer på 5,5% på landsbasis i 4. kvartal 2020 (kjelde:

<https://www.nav.no/no/nav-og-samfunn/statistikk/sykefravar-statistikk/sykefravar>)

Likestilling

Totalt i organisasjonen er det kvinneandelen 77%. Det er ikkje gjort tiltak for å auke rekrutteringa av menn.

I leiarforum (tenesteleiar, avdelingsleiar rådmann og økonomisjef) er kvinneandelen 80%.

I politiske utval og i styret nedsett av kommunestyret følgjer kommunen krav til kjønnsbalanse fastsett i lover og forskrifter.

		%kvinne	%mann
110	RÅDMANNSFUNKSJON	72	28
120	KULTUR	60	40
210	ABV	84	16
221	FLÅM BHG	100	0
222	VANGEN BHG	95	5
230	FLÅM SKULE	80	20
300	HELSE OG FØREBYGGING	93	7
301	NAV	100	0
302	BARNEVERN	100	0
310	PLEIE OG OMSORG	90	10
311	BU- OG MILJØTENESTER	79	21
500	TEKNISK	31	69

Lokale forhandlingar

For tilsette i HTA kap. 4 var det ikkje lokale forhandlingar i 2020, kun sentrale lønsforhandlingar for denne gruppa.

Lokale forhandlingar er gjennomført for tilsette i HTA kap. 3 og 5. Forhandlingane gjennomført i samsvar med HTA og vår eigen handbok for lokale forhandlingar. Drøftingsmøte med tillitsvalde gjennomført 28.9.20, og forhandlingane gjennomført 12.10.20.

Resultat av forhandlingar i 2020:

Gjennomsnitt på 0,79%,

HTA kap. 5: 0,31%

HTA kap. 3: 0,36%

HTA kap. 4 (sentralt resultat): 1,7%

Kompetanseheving

Rådmann har innanfor budsjett disponert kr 300 000 til felles kompetansehevingsmidlar. I 2020 vart det løyvd kompetansehevingsmidlar til prosjektet inkluderande skule og barnehagemiljø (IBOS).

HMT (Helse, miljø og tryggleik)

Kommunen har hatt samarbeidd med bedriftshelsetenesta i løpet av året. Det er utarbeida ein overordna HMS-plan, pluss einingsvise HMS-planar. I 2020 har Avonova bistått kommunen mellom anna med: Helseertifisering røykdykkere, Forflytningskurs ved Aurland Helsetun, Arbeid med risikovurdering.

IA-dag, verneombudssamling, enkelte planlagte kurs og tiltak for einingane vart ikkje gjennomført grunna korona.

Arbeidsmiljøutvalet har hatt 3 møter i 2020. Eit møte i mars vart avlyst grunna Covid-19. .

Velferdsmidlar i 2020 er nytta til velferdstrim og einingsvise velferdstiltak.

Arbeidstidsordningar

Bu- og miljøtenesta er per i dag den einaste eininga som har arbeidstidsordningar der arbeidstida vert gjennomsnittrekna og med langvakter.

Heiltid

I pleie- og omsorg har det over tid blitt jobba med å redusere deltid. Det er likevel framleis ein del mindre stillingar innan til dømes pleie og omsorg og kultur.

Frikjøp av tillitsvalde

Aurland kommune har i 2020 hatt slik frikjøp av hovudtillitsvald:

HTV Fagforbundet – 40% stilling

HTV Utdanningsforbundet – 18% stilling

Pensjonsordning for tilsette og folkevalde

Aurland kommune har tenestepensjon for tilsette i KLP. Kommunestyret har tidlegare vedteke tenestepensjonsordning og AFP for ordførar.

Når det gjeld AFP-ordning for tilsette mellom 62-65 år er kommunen med i utjamningsordninga i KLP. Uttak av AFP varierar frå år til år, erfaring syner at over tid vil kostnaden med å vere med i denne ordninga jamne seg ut. Kommunen har ikkje vurdert å gå ut av utjamningsordninga.

Covid-19

Organisering

Kommunen valde 12 mars å ikkje setje kriseleiing, KKL. Vi jobba i stab. Staben består av beredskapsansvarleg dvs. leiar og nestleiar teknisk, leiar støtte og digitalisering, leiar forut, rådmann, ordfører, kommunelege og tenesteleiar helse og førebygging.

Korona staben har hatt møter minst anna kvar veke.

Informasjon til tenesteleiarar 15.03.20 frå rådmann

Oversikt over tilsette med funksjonar i stab er:

Rådmann/rådmann sin stadfortredar tenesteleiar teknisk og beredskapskoordinator tenesteleiar helse og førebygging, lokal smittevernlege, informasjonsarbeidar

Leiar for Forvaltning og utvikling og IKT-ansvarleg møter ved behov. Leiar for Forvaltning og utvikling er stadfortredar for rådmann, og har hatt rådmannen sine oppgåver frå 12.-15. mars.

Anna aktivitet.

Kommunen har kvar veke delteke på beredskapsmøte i regi av fylkesmannen. Totalt 34 møter.

Helsegruppa, dvs tenesteleiarane for HEFØ, PLO og BUMIL har hatt jamlege møter. 2 møter kvar veke i mars og april, etter dette kvar veke med unntak av ferie. 28 møter. Tenesteleiar PLO gjekk av med pensjon og tenesteleiar HEFØ vart konstituert ein periode fram til ny tenesteleiar var på plass.

15. telefonmøter med legekantoret. 12 møter med 2. etg på HEFØ.

4 presentasjonar av Covid-19 status i leiargruppa og 12. møter i ÅLA

Møter og dialog med Aurland IL ved kvar endring i forskrift og retningslinjer for idrett, møter og dialog med frivillig sektor som Røde Kors. Møter og dialog med SJH.

Covid-19 forskrifta har endra seg 95 gongar i løpet av 2020. For å kunne svare ut spørsmål både internt i eigen organisasjon samt verksemder og innbyggjarar har vi måtte halde oss oppdaterte til ein kvar tid. Dette har ikkje vore like lett. I tillegg kommer til ein kvar tid endringar i Helsedirektoratet sine koronaveileder.

FHI kjem med vekesrapportar. I tillegg kjem risikovurderinga; Covid-19 epidemien, Kunnskap, situasjon, prognose, risiko og respons i Norge som vert publisert om lag kvar månad. Her ligg moglege endringar i retning og moglege nye tiltak.

Nye nasjonale tiltak har heile tida blitt presentert via nasjonale pressekonferansar. Kommunane har ikkje fått informasjon om kva som kjem på pressekonferansane i forkant. Det har derfor vore naudsynt å følgje med på regjeringa sine pressekonferansar for å halde seg oppdatert og kunne svare ut spørsmål internt i eigen organisasjon med også verksemder, idrettslag og innbyggjarar.

Tenesteleiar HEFØ har sidan 12 mars 2020 hovudsakleg arbeidd med covid-19.

Mellombels forbod mot ilandstigning frå passasjerskip i internasjonal fart

Vedteken 13. mars i Formannskapet, sak 18/20.

Aurland kommune vedtek mellombels forbod mot ilandstigning frå passasjerskip i internasjonal fart.

Forbodet gjeld heile kommunen. Vedtaket er gjort med heimel i smittevernlova § 4-1. Saka er handsama av Formannskapet med heimel i kommunelova § 11-8. Vedtaket gjeld til og med 30.04.20.

Lokal forskrift – vedtak om smitteavgrensing i Aurland kommune

Kommunane i gamle Sogn og Fjordane valde helgen 14 / 15 mars å utarbeide lokal forskrift etter smittevernlova for å pålegge personar som kom til kommunen etter 12.mars karantene i 14. dagar. Fullmakt til å fatte hastevedtak om lokal forskrift er i smittevernlova delegert til kommunelege. I Aurland brukte vi noko lengre tid på forskrifta enn dei andre kommunane i Sogn og Fjordane. Dette for å ta høgde for grensa til Voss, E 16 samt Bergensbana. Forskrifta var også forankra i covid-19 staben, slik at forskrifta i Aurland vart vedteken måndag 16. mars. Verknadstidspunkt vart sett tilbake til 12. mars, og sakshandsamingstid for søknad om unntak vart sett til 2 døgn.

Det var handsama 20 søknadar om unntak frå forskrifta, samt eit utall henvendingar til kommunelege og tenesteleiar HEFØ på telefon.

Rapportering

Kommunen rapporterer kvar veke på status, smittevernutstyr, forbruk smittevernutstyr, forventa bruk av utstyr, samt rapportering på tal personer smitta fordelt på institusjon, heimebasert eller i egen heim og personer som er i karantene grunna nærkontakt. I tillegg kjem rapportering på personell opplærd i smittesporing og personell og ressursar nytta til smittesporing.

Rapporteringar via Altinn – Tenesteleiar HEFØ – totalt 42 stk.

I tillegg kjem ulike einingsspesifikke rapporteringar som har komme i tillegg. Samt ulike spørjeundersøkingar.

Isolat avdeling / kohort.

Kommunen har bygd opp eige isolat avdeling i gamle sjukeheimen, med plass til 8 pasientar. Eige turnus vart utarbeidd for å kunne drifte isolat avdeling i tillegg til å halde så nær ordinær drift som mogleg i sjukeheim.

Tilsette får andre einingar, særlig HEFØ, har fått opplæring i PRO og BUMIL for å kunne gå inn ved høgt sjukefråvær.

Det er kjøpt inn utstyr som sengar, oksygenkonsentratorar osb.

Smittevernutstyr

Det vart kjapt oppdaga at verken Aurland kommune eller landet hadde beredskapslager av smittevernutstyr. Kommunane måtte rapportere på lagerstatus, forbruk og forventa forbruk. I starten 2 gonger i veka, og etter kvart ein gong i veka.

Etter kvart vart det oppretta nasjonal innkjøpsordning med nasjonal distribusjon av smittevernutstyr ut til kommunane.

Det same gjaldt handsprit og desinfeksjonsmidlar. Men her kom det raskt nasjonale verksemder på banen som produserte sprit, og sprit gjekk etter kvart lettare å få fatt i.

Legekontoret nytta årleg kanskje 1 sett med smittevernutstyr før mars 2020. Ved utgangen av året gjekk det om lag 20 sett i veka. Og dette utan smitte i kommunen.

Plan for vaksinerings

Plan for Covid-19 vaksinerings skulle sendast til fylkesmannen innan 17 desember for førehandsgodkjenning. Kommentrarar kom 21 desember med endeleg frist 23. desember.

På dette tidspunkt var ingen vaksinar godkjende og vi viste ikkje til dømes haldbarheit på vaksinane på kjøp.

Informasjon til innbyggjarar

Kommunal informasjon frå Aurland kommune vert først lagt ut på heimesida, og så fortløpande på kommunens offisielle Facebook-side. Det er den einskilde eininga som i hovudsak er leverandør av slik informasjon.

Kommunen har bestilt eit banner for «kriser» slik oppdatert informasjon alltid vert lett tilgjengeleg på framsida av kommunens heimeside. Slik informasjon vert òg festa øvst på Facebook-veggen.

Heimesida og Facebook sida til kommunen har vore formidlingskanalen. Informasjon via til dømes Aurlendingen har vore nytta i liten grad, all den tid det skjer så hyppige endringar at informasjonen vert gamal før Aurlendingen er publisert.

Det har ikkje vore nytta SMS varsling.

Hovudinformasjonen har vore å følge med på dei nasjonale sidane til Folkehelseinstituttet, FHI og Helsedirektoratet. Her ligg til ein kvar tid oppdatert informasjon.

Kommunen har lagt ut statusrapport på tal personar smitta, og tal personer testa. Når denne informasjonen ikkje kom ofte nok, vart den etterlyst noko som resulterte i vekesrapportering på status. På nyåret må kommunane kvar veke også legge ut risikovurdering på ein skapa 1-5.

Legekontoret har fått mykje spørsmål og ein del har gått til sentralbordet i kommunen.

Tilsyn med kommunal beredskap

Fylkesmannen melde at tilsyn som var varsla i desember 2019 skulle gjennomførast.

Tilsynet skulle omfatte:

- Overordna beredskapsplan og beredskapsplan for dei helse- og omsorgstenestene som kommunen er ansvarleg for
- System for opplæring, øving og evaluering
-

Førebels rapport vart motteken 18. desember og endeleg rapport 11. januar 2021.

Konklusjon; det vart ikkje avdekt lovbrøt ved tilsynet.

Status smitte og testing i Aurland.

Aurland har i 2020 ikkje hatt positive testar tatt i kommunen.

Vi har hatt ein arbeidsinnvandrar som skulle i innreisekarantene som testa positivt ved ankomst landet som Aurland måtte følgje opp.

Ut over dette har det vore 1 innbyggjarar som har testa positivt i følgje MSIS, nasjonalt smittevernregister, men desse har ikkje kommunen kjennskap til. Dei er folkeregistrerte i kommunen men har ikkje opphelde seg i kommunen i samband med sjukdom.

Folkevalde

Kjerneoppgåver:

- Ordfører
- Møte i folkevalde organ

Det er gjennomført politiske møte i tråd med møteplan,. I tillegg blei det gjennomført fleire ekstramøter i formannskapet i høve valnemnd Aurland Eige, Covid-19, nullutslepp i verdsarvfjordane, budsjett og økonomiplanhandsaminga.

Viktige hendingar:

- Grunna Covid-19 vart 8 politiske møte gjennomført digitalt over Teams. Alle politiske utvala gjennomførte digitale møte.
- Strategidagen 26. mars vart avlyst grunna Covid-19.

Økonomi/ressurs:

Opphavelig budsjett 2020	Endra budsjett 2020	Rekneskap 2020	%
2.988.000	3.015.766	2.822.616	93

Kommunestyret 2020 - saker

Sakstype	Møtedato	Sakstittel	Gradering	Saksnr
PS	13.02.20	Godkjenning av møteprotokoll		001/20
PS	13.02.20	Spørjetime		002/20
PS	13.02.20	Referatsaker		003/20
RS	13.02.20	Justert møteplan for politiske møter i Aurland kommune		1
PS	13.02.20	Open post		004/20
PS	13.02.20	Grunnerverv for gjennomføring av detaljregulering Ty -		005/20
PS	13.02.20	Organisering av arbeidet med budsjett og økonomiplan		006/20
PS	13.02.20	Sluttbehandling av bustadpolitisk handlingsplan		007/20
PS	13.02.20	Fråsegn - arbeid med forvaltningsplan for Vestnorsk		008/20
PS	13.02.20	Fråsegn til høyring av frivillig skogvern - Geitanosi		009/20
PS	13.02.20	Høyring – lokal inntaks- og formidlingsforskrift for		010/20
PS	13.02.20	Forskrift om folkevalde sin rett til godtgjersle og		011/20
PS	13.02.20	Møtetid for kommunestyret		012/20
PS	13.02.20	Søknad om fritak frå politisk verv - Siri Larsen Ramsøy		013/20
PS	13.02.20	Oppbudsjettering overførte prosjekt frå 2019 til 2020		014/20
PS	13.02.20	Nesbø transport og service - søknad om motorferdsel i		015/20
PS	13.02.20	Val av styre til Aurland Eige AS 2020-2022		016/20
PS	23.04.20	Godkjenning av møteprotokoll		017/20
PS	23.04.20	Spørjetime		018/20
PS	23.04.20	Referatsaker		019/20
RS	23.04.20	Sakshandsaming - Smitteavgrensing Aurland kommune		1
RS	23.04.20	Mellombels forbod mot ilandstigning frå passasjerskip i		2
RS	23.04.20	Sluttoppgjær etter flaumen i Aurland i 2014		3
RS	23.04.20	Nasjonal Transportplan 2022-2033 - innspel frå Aurland		4
RS	23.04.20	Svar på spørsmål frå leiar i kontrollutvalet om tiltak for		5
RS	23.04.20	Oversending av sak frå kontrollutvalet til kommunestyret		6
RS	23.04.20	Oversending frå kontrollutvalet til kommunestyret i		7
RS	23.04.20	Årsmelding 2019 - Aurland kyrkjestyre		8

PS	23.04.20	Open post	020/20
PS	23.04.20	Budsjett- og ressursprioriteringar som følge av Covid-19	021/20
PS	23.04.20	Detaljreguleringsplan for Kannikteigen - vedtak av plan	022/20
PS	23.04.20	Fråsegn til fornya konsesjon for Kjosfoss kraftverk og	023/20
PS	23.04.20	Holmen gruve og deponi - vurdering av planinitiativ	024/20
PS	23.04.20	Områdeplan for Mjølfjell - Brandset - vedtak av plan	025/20
PS	23.04.20	Sluttbehandling detaljreguleringsplan for varehuset	026/20
PS	23.04.20	Endring av vedtekter for SFO i Aurland gjeldande frå	027/20
PS	23.04.20	Lån til vidare utlån gjennom Husbanken - startlån	028/20
PS	23.04.20	Val av ekstra medlem til representantskapet i SIMAS IKS	029/20
PS	23.04.20	Siver Wangen - konsesjon ved overtaking av fast eigedom	030/20
PS	23.04.20	Uttale til oppropet om å evakuere borna frå Moria-leiren	031/20
PS	18.06.20	Godkjenning av møteprotokoll	032/20
PS	18.06.20	Referatsaker	033/20
RS	18.06.20	Oversending til kommunestyret - fråsegn til rekneskapen	1
RS	18.06.20	Justert årsmelding for Aurland eldreråd 2019	2
RS	18.06.20	Høyring - Frie og hemmeleg val - Ny vallov	3
RS	18.06.20	Forvaltning av verdsarvfjordane	4
RS	18.06.20	Evaluering av arbeidet med sikring og oppattbygging etter	5
RS	18.06.20	Bygging av ny barnehage i Aurland - status erverv av	6
RS	18.06.20	Aurland trafikk og parkering - sentralt styringsdokument -	7
PS	18.06.20	Ny handsaming budsjett 2020 og økonomiplan 2020 -	034/20
PS	18.06.20	Rekneskap Aurland kommune 2019	035/20
PS	18.06.20	Årsmelding Aurland kommune 2019	036/20
PS	18.06.20	Avskrivning av rente og avdragsfritt lån - Aurland skyttarlag	037/20
PS	18.06.20	Tertialrapport 1. tertial 2020 med budsjettendringar	038/20
PS	18.06.20	Aurland hamnevesen KF - årsmelding og rekneskap 2019	039/20
PS	18.06.20	Forskrift om farvassavgift i Aurland kommune - 2020	040/20
PS	18.06.20	Byggerekneskap for 6 bueingar på Furuly	041/20
PS	18.06.20	Byggerekneskap etter flaumen 2014	042/20
PS	18.06.20	Kommunestyret sin tilslutnad til val av nytt styre i Aurland	043/20
PS	18.06.20	Forlenging av løyver etter alkohollova	044/20
PS	18.06.20	Gondol i Aurland - avklaring vidare planarbeid	045/20
PS	18.06.20	Mellombels tillegg til reglar for bruk av	046/20
PS	18.06.20	Godkjenning av framlegg til plan for forvaltningsrevisjon	047/20
PS	18.06.20	Kjøp av revisjonstenester - 2020-2022	048/20
PS	18.06.20	Val av meddommarar til i lagmannsretten, tingretten og	049/20
PS	18.06.20	Framlegg på skjønsmedlemar for peridoen 2021 - 2024	050/20
PS	18.06.20	Val av medlem til ankenemnda i SIMAS IKS for perioden	051/20
PS	18.06.20	Søknad om fritak frå politisk verv - Ina Bjørstad	052/20
PS	18.06.20	Suppleringsval til råd for eldre og menneske med nedsett	053/20
PS	18.06.20	Kommunedelplan for Fysisk aktivitet og Folkehelse 2016-	054/20
PS	18.06.20	Nedsetting av arbeidsgruppe for gjennomgang av nytt	055/20
PS	17.09.20	Godkjenning av møteprotokoll	056/20
PS	17.09.20	Spørjetime	057/20
PS	17.09.20	Referatsaker	058/20
RS	17.09.20	Rapport - Luftkvalitet i Flåm 2019/2020 - Førebelse funn	1
RS	17.09.20	Holmen gruve og deponi - oppfølging av merknad frå plan	2
PS	17.09.20	Open post	059/20
PS	17.09.20	Turistinformatjon i Aurland kommune frå 2021	060/20
PS	17.09.20	Fastsetting av planprogram - detaljregulering med	061/20
PS	17.09.20	Kommunal planstrategi 2020-2023 - vedtak	062/20
PS	17.09.20	Oppstart av arbeid med samfunnsdelen til	063/20
PS	17.09.20	Fornyng av sals og skjenkeløyver for perioden 01.10.2020	064/20

PS	17.09.20	Retningslinjer for sal og skjenking av alkoholholdig drikk	065/20
PS	17.09.20	Aurland trafikk og parkering - parkeringsstrategi og	066/20
PS	17.09.20	Kjøp av aksjer i EPI AS	067/20
PS	17.09.20	Aurlandsprisen - endring av Statuttane	068/20
PS	17.09.20	Fråsegn til høyring - NOU 2020:6 - Frie og hemmeleg val -	069/20
PS	17.09.20	Val av forliksråd og oppnemning av faste	070/20
PS	17.09.20	Val av namnemnd 2020 - 2023	071/20
PS	17.09.20	Orientering om klage/varsel	072/20
PS	05.11.20	Godkjenning av møteprotokoll	073/20
PS	05.11.20	Spørjetime	074/20
PS	05.11.20	Referatsaker	075/20
RS	05.11.20	Vedtak i klagesak som gjeld konsesjon - Aurland	1
PS	05.11.20	Open post	076/20
PS	05.11.20	Utviklingsmeldinga for oppvekst Aurland kommune for	077/20
PS	05.11.20	Tertialrapport 2. tertial 2020 med budsjettendringar	078/20
PS	05.11.20	Økonomiplan 2021-2024 - vedtak av plan	079/20
PS	05.11.20	Politisk reglement for delegering og innstilling - Aurland	080/20
PS	05.11.20	Høyringsvar - Nullutslepp i verdsarvfjordane	081/20
PS	10.12.20	Godkjenning av møteprotokoll	082/20
PS	10.12.20	Referatsaker	083/20
RS	10.12.20	Mekling - reguleringsplan Kannikteigen	1
RS	10.12.20	Møteplan for politiske møte i Aurland kommune	2
PS	10.12.20	Økonomiplan 2021 - 2024 for Aurland hamnevesen KF	084/20
PS	10.12.20	Drifts- og investeringsbudsjett for Aurland hamnevesen	085/20
PS	10.12.20	Avtale om sal og levering av konsesjonskraft til Aurland	086/20
PS	10.12.20	Ned/Oppbudsjettering investeringar 2020	087/20
PS	10.12.20	Budsjett 2021	088/20
PS	10.12.20	Kommunedelplan for fysisk aktivitet og folkehelse 2016 -	089/20
PS	10.12.20	Oversending av sak forvaltningsrevisjon Simas til	090/20
PS	10.12.20	SIMAS IKS - endring av renovasjon - og slamforskrift frå	091/20
PS	10.12.20	Adresse-endring frå Bakkane 2 A-P og 4 A-P til Ryggjatun 1	092/20
PS	10.12.20	Val av valstyre og organisering av val	093/20
PS	10.12.20	Høyring- forslag om endringar i helse og	094/20
PS	10.12.20	Interkommunal samarbeidsavtale om bruk av	095/20
PS	10.12.20	Saga Souvenir AS - tilskot frå konsesjonsfondet september	096/20
PS	10.12.20	Oversending av sak til kommunestyre - Vedtak i	097/20

Tenesteområda

Pleie og omsorg

Essi Mäki (ny tenesteleiar frå 21.09.20)

Kjerneoppgåver/overordna bilde av ansvarsområde:

Planlegging, vurdering og tildeling, og drift av helse og omsorgstenester etter helse og omsorgstenestelova.

Institusjonstenester: helsehjelp, behandling, rehabilitering, korttidsopphold, avlastning, og langtidsopphald i institusjon

- rehabilitering/ sjukeheimavdeling: 16 plassar
- demensavdeling: 8 plassar

Tenester i eigen heim/omsorgsbustad: helsehjelp, ressursjukepleie i kreftomsorg, praktisk bistand og opplæring, rehabilitering, matombringning, tryggleiksalarm, dagtilbod for heimebuande personar med kognitiv svikt.

Fellesoppgåver som verksemda har ansvaret for (tverrfagleg):

samhandling med tenesteytinga med tenestemottakar, pårørende, nettverk, og andre tenesteytar som ergoterapeut, fysioterapeut, sjukeheimslege, fastlege, psykiatrisk sjukepleiar, ruskonsulent, treningskontakt, tannlege, spesialisthelseteneste og NAV

Mål/utviklingsområde 2020 :

- forsvarlege og forutsigbare tenester
- heilhetleg tenestemodell
- deltaking i nasjonalt velferdsteknologiprogram – 2019 - 2023
- innføring av Velferdsteknologiske løysingar
 - o innføring av NetNordicOmsorg (NNO), oppstart nov. 2020
 - plattform for mottak og behandling av tryggleiksalarmar og andre velferdsteknologiske løysingar
- kvardagsrehabilitering – grunnleggande tankesett at den einskilde skal kunne bo lengst mogleg i eigen heim – prosjekt april 2019 – desember 2021 (KS 066/16)
 - o innbyggarseminar (avlyst pga. covid-19)
 - o utarbeiding av opplæringsprogram for heimetrenarar
- arbeid med heiltidskultur
- arbeid med kompetanse og rekruttering
 - o spisse og justere stillingsannonsene

Viktige hendingar:

- Covid-19
 - o etablering av kohortavdeling, smittevernopplæring, utarbeiding av prosedyrar og rutinar

Resultatvurdering:

Indikatorar/nøkkeltal (Kommunekompasset, tenesteanalyse, utviklingsmeldinga mm):

Omfattande pleiebehov på institusjon Aurland	Korttidsopphald i institusjon Aurland	Tilsette i pleie og omsorg med fagutdanning i Aurland
69,57 (Noreg: 79,57)	21.03 (Noreg: 18,98)	Aurland: 77.8 % Noreg: 77.78 % Beste kommune i Noreg: 97.8 %)

Kjelde: kommunebarometer

Dei fleste eldre ynskjer å bo i eigen heim lengst mogleg, også pleie og omsorg i Aurland har dreining mot meir heimebaserte tenester. Arbeidet som pågår knytt til kvardagsrehabilitering og innføring av velferdsteknologiske løysingar støttar dette. Heile Noreg har fokus på meir førebygging, rehabilitering og korleis den einskilde skal vera i aktivitet og meistre eigen kvardag.

Økonomi/ressurs:

Opphaveleg budsjett 2020	Endra budsjett 2020	Rekneskap 2020	%
38 021 984,00	37 037 000,00	36 598 175,02	103 %

Tilsette:

Pleie og omsorg	Årsverk faste stillingar	Årsverk mellombels stillingar	Lærlingar
institusjon	27,52	4,28	1,00
Heimebaserte tenester m/dagsenter	17,88	2,06	
kjøkken	2,88	0,30	1,00
administrasjon	5,80		
sum:	54,08	6,64	2,00

I tabellen er tilsette i mellombels stillingar er inkludert i faste årsverk. I tillegg til dette har pleie og omsorg tilkallingsvikarar utan fast stillingsprosent.

Både i heimebaserte tenester og i institusjon er det utfordringar med rekruttering av sjukepleiarar.

Status innan utgang av 2020:

Institusjon manglar: 2 sjukepleiarar

Heimebaserte tenester manglar: 2 sjukepleiarar

Målet for arbeid framover blir merksemd på rekruttering av sjukepleiar og/eller vernepleiarar.

Kompetanse i pleie og omsorg er viktig for kvalitet og tenesteutvikling.

HMS og internkontroll:

Mål: Førebyggande helsearbeid og ivareta og fremja eit godt arbeidsmiljø

- Det har vore samarbeid med bedriftshelseteneste og det er utarbeida BHT-samarbeidsplan for 2020, det vert satt merksemd på vald og trugsmål mot tilsette jf. arbeidsmiljølova § 4-3 (4), ROS-analyse og rettleiing til ny forflyttningsrettleiariar på helsetunet
- Det ble arrangert kurs med tema: vald og trugsmål mot tilsette 09.11.2020.
- På grunn av COVID-19 ble det ikkje gjennomført overordna ROS-analyse og det ble ikkje arbeid vidare med forflyttningsrettleiariar på helsetunet
- Det ble arbeid mykje med COVID-19 prosedyrar, rutinar, smittevernopplæring og kontinuerleg oppdatering
- Tilsette har høve til å delta i webinar, og gjennom Norsk helseinformatikk (NHI) gjennomfører tilsette naudsynt opplæring
- Tilsette har deltatt i velferdsteknologiens ABC
- Opplæring i lindrande behandling ved livets slutt
- Tilsett har deltatt i ulike webinar ut i frå behov, interesse og tema

Helse og førebygging

Tenesteleiar Guri Olsen

Kjerneoppgåver/overordna bilde av ansvarsområde:

Helsetenester med heimel i helse og omsorgstjenesteloven. Legekontor, helsestasjon med jordmor, fysioterapi, ergoterapi, rus og psykisk helseteneste, koordinerte tenester og kreftkoordinator. Sorg og kriseteam.

Fellesoppgåver som verksemda har ansvaret for (tverrfagleg):

Førebyggjande arbeid, Eininga deltek i satsinga «på tvers» tverrfagleg samarbeid barn og unge. Tenesteleiar sit i styringsgruppa og helsestasjon har vore med å utarbeidd tiltakskort. Eininga deltek i satsingane kring Leve heile livet reforma med mellom anna kvardagsrehabilitering og velferdsteknologi.

Mål/utviklingsområde 2020 :

Året har for eininga vore prega av Covid-19 pandemi.

Kommunane måtte i starten av året sjå på pandemiberedskap og vart oppmoda til å revidere smittevernplanar og helsemessig og sosial beredskapsplan. Tenesteleiar var på dette tidspunktet 100% sjukemeld.

Då landet vart stengd 12. mars prioriterte vi kjapt å være operativ og la vekk oppdateringsarbeidet av omsyn til planar. Dette har synt å være eit strategist fornuftig val, all den tid alle føringar og rutinar for drift har vore bestemt sentralt. Ut i frå dei sentrale råda og føringane har vi gjort lokale tilpassingar Vi har vore operative, endra rutinar på eininga og ikkje hatt fokus på planverk.

Drifta har vore prega av Covid-19 og dei nasjonale retningslinane og rutinane kring drift av helsetenester ein til ein under ein pandemi. Dei tilsette bruker mykje tid på reinhald mellom kvar brukar, noko som gjev seg utslag i at ikkje like mange brukarar får tilbod om tenester.

Legekontoret

Kommunelegen gjekk av med pensjon i mai, litt etter planen grunna Covid-19. Kontoret har igjennom året hatt fleire vikarlegar og det har ikkje lukkast å rekruttere nye legar. Grunna ulike vikarar har det ikkje lukkast å ha lege på sjukeheimen eller helsestasjonen kvar veke.

Sjukepleiar har også gått av med pensjon og det er rekruttert inn ny medarbeidar.

Legekontoret er den eininga på HEFØ som har merka Covid-19 pandemien mest. Det har tidvis vore mykje spørsmål på telefon, og kontoret utfører alle covid-19 testar i kommunen. Kvardagen med meir reinhald og screening av pasientar for smitte før dei kjem inn til konsultasjon er krevjande. Eininga nyttar nå smittevernutstyr i sitt daglege arbeid.

Helsestasjonen

Starta året med bemanning 200% bemanning. Derav 80% dekket av prosjektmidlar.

Eininga hadde ein tid prosjektleiinga i På tvers prosjektet, samt har delteke i utarbeiding av tiltakskort og skal no inn i arbeidet med innsatsteam.

Jordmor gjekk tilbake til 20% stilling frå august.

Helsestasjonen klarar med noverande jordmor bemanning ikkje å tilby heimebesøk av jordmor i tråd med nasjonale tilbodet om jordmor heim etter fødselen.

Helsesjukepleier på skulane har også gått ned som følge av at helsestasjonen no har gått tilbake til bemanning med 100% helsesjukepleiar og 20% jordmor. Helsesjukepleiar er også hovudtillitsvald for sjukepleiarforbundet. Helsesjukepleiar er også koordinator for mange barn i kommunen som har ansvarsgruppe og individuell plan. Småbarnstreffet har i 2020 måtte gå ut, grunna Covid-19.

Rus og psykisk helseteneste samt treningskontakt.

Tenesta vart blant tenestene som vart stengd 12 mars. Brukarar vart følgt opp via telefon og ein starta bruk av videokonsultasjon. Mot sommaren kunne ein starta opp att med fysiske konsultasjonar, særleg ute.

Markeringa av verdensdagen for psykisk helse ble avlyst.

Treningskontakt har fått starte opp at gruppetilboda sine. Dei faste turdagane med brukarar frå både Aurland og Lærdal vart starta opp at, og fleire brukarar har fått oppleve ny mestring.

Fysioterapi- og ergoterapi- tenesta

Fysioterapeutane har slitt med større ventelistar dette året. Dette grunna etterslep frå stenginga i 1. kvartal, samt at dei nye Covid-19 prosedyrane og rutineane gjer at kvar konsultasjon tek lenger tid. Eininga har på slutten av året også hatt sjukefråvær.

Ergoterapeut gjekk hausten 2020 av med pensjon. Stillinga vart auka frå 75% til 100%.

Covid-19 konsekvensar ved eininga.

- Fleire tenester vart stengd 12. mars
- Nye rutinar kring ein til ein tenestar til brukarar når dei fekk opne opp att
- Auka bruk av digitale løysingar fører til behov for noko nytt IKT utstyr og lisenskostnadar. Til dømes journalsystem på legekantoret i sky samt videokonsultasjonar.
- Smittevernustyr. Nye rutinar kring bruk av smittevernustyr. Innkjøp av betydeleg meir utstyr enn budsjettet, samt auka pris internasjonalt på slikt utstyr.
- Arbeidskle.
 - o Fleire tenester må etter nye nasjonale føringar nytte arbeidskle. Dette har ført til auka innkjøp av klede.
 - o Nye rutinar kring bruk av kle og vasking har auka kostnadane til vask av personaltøy.
- Sprit og reinhaldsmidlar Nye rutinar kring reinhald mellom brukarar og i løpet av dagen har ført til auka forbruk av handsprit, overflatesprit og anna desinfeksjonsmidlar.
- Færre brukarar / konsultasjonar pr dag, grunna tid som går med til reinhald mellom kvar konsultasjon.
- Tilsette har fått opplæring på andre einingar for å kunne gå inn i drift ved pleie og omsorg eller bu og miljø, dersom stort sjukefråvær.
- Smittesporing.

Økonomi/ressurs:

Opphavelg budsjett 2020	Endra budsjett 2020	Rekneskap 2020	%
15.094.000	16.313.322	17.437.595	106

2020 har vore et krevjande år på HEFØ av omsyn til økonomi. Bruk av legevikarar er svært kostbart. I tillegg til dei direkte kostnadane til innleige, kjem bustad og transport i tillegg.

Legekantoret avslutta 2019 med å måtte bytte ut sterilisator og instrumentvaskar. Begge vart rekneskapsførde på 2020. Både på legekantoret og fysioterapitenesta ser vi svikt i brukarbetalingar. Mykje av dette er relatert til Covid-19.

Helse og Førebygging har også kostnadar til personale som vert dekke av fond. Kostnadane ligg som 0 i budsjett, men vert regnskapsførd fortløpande med avrekning mot fond ved årsslutt. Dette gjeld prosjektstilling ergoterapi som følgje av prosjekta kvardagsrehabilitering og velferdsteknologi, samt jordmor som følgje av prosjektmidlar for styrking av helsestasjonen. Midlane er for 2020 ikkje ført mot fonda.

HEFØ disponerer 3 bustadar. Turnuslege, turnusfysioterapeut og vikarlege. I lange periodar i år har desse ikkje vore leigd ut. Eller dei har vore bebudd av vikarlege som har husvære som del av avtala. Dette fører til at eininga vert belasta husleigekostnadar samt straum.

Medarbeidarar:

Eininga har ved utgangen av året 15 faste stillingar samt 2 turnus stillingar. Der er 2 vakante legestillingar som vert dekt opp av innleigd vikar. I tillegg er kommunepsykolog og kommuneoverlege stillingane som organisatorisk ligg til Lærdal kommune ved Sogn Lokalmedisinske Senter.

3 tilsette har gått av med pensjon. Lege, ergoterapeut, og sjukepleiar. Det har vore særskildt krevjande å rekruttere legar. Ved årsskiftet var det framleis 2 vakante stillingar ved legekantoret.

Ergoterapeut gjekk også av med pensjon, og stillinga vart auka frå 75% til 100%. Sjukepleiar gjekk av med pensjon og stillinga vart auka frå 80% til 100%.

Halve 2020 hadde vi også 80% prosjektstilling knytt til helsestasjonen. Prosjektleder i 20% stilling i På Tvers prosjektet vert lønna av prosjektmidlar under HEFØ.

Kompetansetiltak

Mykje av kompetansehevinga på eininga i 2020 har vore prega av Covid-19 pandemien.

Det har vore opplæring i smittevern og bruk av smittevernutstyr. Vanlege kurs og faglege oppdateringar har vore via ulike typar fjernundervisning.

Tilsette har fått opplæring ved andre einingar, som pleie og omsorg samt bu og miljø for å kunne bli omdisponert til einingar med meir døgndrift, om det skulle bli behov.

Tilsette har fått kompetanse i smittesporing og testing.

Tilsette ved eininga har også vore med å bygd opp isolat avdeling i kommunen, samt kursa andre tilsette i kommunen i smittevern og drift av isolat.

Elles har det mellom anna vore

- Kommunenettverk for Universell utforming
- Velferdsteknologi ABC
- Kvardagsrehabilitering
- Innføring av SAMPRO – verktøy for individuell plan
- Kreftkoordinator driv opplæring i lindrande behandling og omsorg

HMS og internkontroll:

Eininga har også dette året vore plaga med uønska lukt. Dette skuldast matproduksjon i bygget.

Instrument vaskar og sterilisator ved legekantoret vart seinhausten 2019 ikkje lengre godkjend. Nytt utstyr vart bestilt og sett i drift. Kostnadsført 2020.

Feil ved avtrekk-skapet på legekantoret. Grunna Covid-19 tok det tid å få levert naudsynte delar til reoperasjon.

Fokus dette året har blitt smittevern og smittevernrutinar.

Eininga ser at 2021 også blir prega av drift i ein pandemi, men håper det kjem vaksine og at personale tidleg vert vaksinert.

Tilsyn

Tilsyn på miljørettet helsevern var ved utgangen av året ikke lukket. Har ikke vært fokusert på å arbeide systematisk med å lukke dette avviket, pga pandemi.

Bu- og miljøteneste

Christine Warholm Naasen, Tenesteleiar

Kjerneoppgåver:

- Kartlegging, vurdering, tildeling og drift av helse- og omsorgstenester etter helse og omsorgstenestelova.

Tenester til brukar i eigen heim/ bemanna omsorgsbustad:

- Helsehjelp, praktisk bistand og opplæring, støttekontakt, dagaktivitet

Tenester til pårørande:

- Avlasting utanfor institusjon, omsorgstønad

Fellesoppgåver som verksemda har ansvaret for (tverrfagleg):

Samhandling i tenesteytinga med brukar, pårørande, verje, nettverk og andre tenesteytarar, som psykiatrisk sjukepleiar, ruskonsulent, koordinerande eining, ergoterapeut, fysioterapeut, skule, barnehage, fastlege, tannlege og spesialisthelsetenesta.

Samhandling og samarbeid internt med tenesteeininga teknisk på bygg/bustader, og pleie og omsorg om helsetenester i heimen.

Mål/utviklingsområde 2020 :

Viktige hendingar:

- Pandemien har prega drifta av eininga gjennom året. Fokuset har vore på omstilling for å tilpasse seg dei overordna smittevernreglane som til ein kvar tid var gjeldande, og planlagte utviklingsprosessar for året måtte setjast på vent. Det vart gjennomført kompetanseheving i høve smittevern våren 2020 for alle tilsette. Etter kvart som pandemien utvikla seg, gjekk dette over i eit kontinuerleg fokus på smittevern og revidering/ oppdatering av våre rutiner. Eininga fekk satt dette arbeidet i system slik at personalet mot slutten av 2020 rutinemessig tok oppfriskningskurs kvar månad. Pandemien har ført til at eininga måtte tilpasse brukarbehov og tenester i tråd med nasjonale tilrådingar i høve smittevern. Det vart difor gjort endring i tenestetilbodet for brukara i høve smittevernreglement. Eininga måtte fokusere på oppfølging og informasjon til pårørande, utarbeiding av smitteplaner for kvar tenestemottakar, opplæring av nytt personale, rekruttering av nytt personale for å kunne vere rusta for ein potensiell smittesituasjon. Mot slutten av 2020, starta ein også arbeidet med å førebu vaksinerings både for brukara og helsepersonell.
- Eininga starta oppbygging og etablering av omsorgstiltak med oppstart vinter/ vår 2020. Dette var eit resultat av avvikling av eit omsorgstiltak der kommunen tidlegare kjøpte teneste hjå privat aktør. Avtala med privat aktør gjekk ut mars 2020, og drift av tiltaket i eige regi starta 1.04.20.
- Eininga fekk tildelt tilskot til rusarbeid frå Statsforvaltaren, på til saman 660 000kr, og tilskotet har dekkja lønskostnader til eit årsverk ved Vårdraum i driftsåret 2020.
- Hausten 2020 har eininga delteke i prosjekt i lag med pleie og omsorg, IKT og teknisk eining for å implementere og ta i bruk velferdsteknologi. Målet var å kople avdelingane på Netnordic omsorg plattform, som er ein digital plattform for å administrere teknologier i brukars heim. Prosjektet gjekk vidare inn i 2021.
- Etablert og tilsett avdelingsleiar i 100 % stilling frå 1.09.20.

Resultat frå statleg tilsyn:

- Det vart ikkje gjennomført statleg tilsyn i eininga i 2020.
- Statsforvaltaren gjennomførte tilsyn i november 2019, i høve rettstryggleik ved bruk av tvang overfor personar med utviklingshemming:
 - Det vart ikkje påvist lovbrøt.
 - Statsforvaltaren kom likevel med tilrådingar eininga måtte jobba med:
 - Å etablere rolle som er fagleg ansvarleg ved behov for å nytte tvang. Som ein del av dette vart det etablert stilling for avdelingsleiar i bu- og miljøtenester, tilsett frå 1.09.2020.
 - Statsforvaltaren tilrådde at eininga måtte implementere og ta i bruk etablerte rutinar for tvang og makt, og eininga laga planer for dette i 2020. Grunna pandemi har eininga måttet fokusere på kompetanseheving innan smittevern.

Resultatvurdering:

1. Eininga har i 2020 oppnådd å redusere ytterlegare eit tiltak der ein tidlegare kjøpte helse- og omsorgstenester frå privat aktør. Eininga har dermed redusert kjøp av teneste med tilsaman tre av fire tiltak knyta til enkeltbrukara sidan 2018. Tenestene vert i staden levert i eige regi.
2. Eininga har jobba med å etablere struktur og ressurs som har ansvar for driftsoppgåver og turnusoppfølging. Ved å gjere om på ein turnusstilling fann eininga midler til å etablere stilling for avdelingsleiar i 2020. Avdelingsleiar vart tilsett 1.09.20 og er venta å tiltre hausten 2021.

Økonomi/ressurs:

Opphavelig budsjett 2020	Endra budsjett 2020	Rekneskap 2020	%
21 835 000	22 235 311	23 903 015,25	108

Kommentar

Rekneskapen syner eit overforbruk på om lag 1.6 mill for 2020. Pandemien har medført meirkostnader på om lag 150 000 kr, når ein tek med kostnader ved koronarelatert kortidsfråvær hjå personalet og auka forbruka av smittevernustyr. Kostnader til innleige av personale i samband med koronarelatert fråvær, er ikkje tatt med i desse meirkostnadene. For å sikre forsvarleg drift har det vore auka bruk av forskyvningar og overtid, særleg i nokre tiltak. Dermed er meirkostnadane knyta til pandemien samla sett høgare.

Ei anna vesentleg årsak til avviket i rekneskapen ligg i ein grunnlagsendring som vart meldt i 2. tertialrapportering. Dette medførte ein reduksjon i inntekter i form av refusjon for ressurskrevjande brukarar. I tillegg vart innslagspunktet for å få tilskot for ressurskrevjande brukarar forhøga hausten 2020. Kommunen må difor dekke meir enn tidlegare når det gjeld drift av tiltak rundt ressurskrevjande brukarar.

Medarbeidarar:

Tal årsverk inkl. vikarar og mellombels stillingar i bu- og miljø

- **Admistrasjon:** 1 årsverk tenesteleiar, 1 årsverk avdelingsleiar (nyoppretta frå 1.09.20)
- **Vetleli:** 9,2 årsverk i turnus, av desse er 1,2 årsverk tilsett i midlertidige stillingar, og 0,5 er vakant og vart dekkja av vikarar
- **Vårdraum:** 7,9 årsverk i turnus, av desse er 3,2 årsverk tilsett i midlertidige stillingar, og 0,1 er vakant og vert dekkja av vikarar
- **BPA-ordningar:** 9.9 årsverk i turnus, 0,3 er vakant og vart ikkje dekkja inn i 2020. 2 av årsverka vart nyoppretta i april 2020, knyta til nytt tiltak.

Kompetansetiltak: Det vart gjennomført kompetanseheving i høve smittevern for alle tilsette.

HMS og internkontroll:

- 1 HMS avvik var meldt hausten i 2020, dette vart lukka kort tid etter.
- I samarbeid med bedriftshelsetenesta Stamina utarbeida HMS-plan for eininga.
- Deler av avvik frå gjennomført lurfkvalitetsmåling ved Vetleli i 2019 vart lukka i 2020, nokre punkt gjenstår.
- Eininga jobber med sjukefråværsoppfølging, og har kontinuerleg fokus på førebygging, motiverande tiltak på jobbnærver og tilrettelegging i arbeidssituasjonar.

NAV Aurland

Tenesteleiar Einar Moen

Kjerneoppgåver:

- Økonomisk råd og rettleiing
- Sakshandsaming av økonomisk sosialhjelp
- Gjeldsrådgjeving
- Husbanken sine bustadsfinansieringsordningar
- Bustadtildeling for vanskelegstilte
- Oppfølging av personar med redusert arbeidsevne (sjukemeldte, arbeidsavklaring og føre)
- Oppfølging av arbeidssøklarar
- Bedriftsstøtte og rekrutteringshjelp
- Bruk av økonomiske verkemidlar til arbeidslivet
- Kvalifiseringsprogram
- Introduksjonsprogram
- Oppfølging av flyktningar

Fellesoppgåver som verksemda har ansvaret for (tverrfagleg):

- Leiardeltaking i helse- og omsorgsnettverket
- Deltaking i ansvarsgrupper
- Dialogmøter (sjukemeldte med arbeidsgjevar)
- Tverrfagleg flyktninggruppe (helsestasjon, Nav, Flyktningtenesta, barnehage og skule)
- Faste møter med psykiatrisk sjukepleiar og ruskonsulent
- Samarbeid med Nav Lærdal i utvikling
- Regionale oppfølgingsteam i NAV (ungdomsteam, sosialteam, flyktningteam og team for oppfølging av personar med redusert arbeidsevne)

Viktige hendingar:

- Tilsett ny prosjektkoordinator i prosjektet Springbrettet (finansiert av Fylkesmannen). Prosjektet skal utvikle sosiale tenester i Nav
- Prosjekt ferie for flyktningfamiliar til Pers Hotell – tilskot frå barne, ungdoms- og familiedirektoratet
- Covid-19 medførde ei særst høg arbeidsledigheit i Aurland kommune. Arbeidspresset for tilsette i NAV Aurland har vore høgt i 2020
- Bistand frå NAV Lærdal og dels NAV region Sogn

Mål/utviklingsområde 2020 :

- Oppretta felles medbestemmelsesapparat for NAV Aurland og NAV Lærdal, månedlege møter
- Felles årshjul for NAV Aurland og NAV Lærdal
- Laga HMT-plan
- mål om at 70% av busette flyktningar skal vere i arbeid eller utdanning 3 mnd etter avslutting av introduksjonsprogrammet
- mål om at flest mogleg skal vere i arbeidsrelatert aktivitet 8 veker ut i sjukemeldingsforløpet
- planlegging av digitalt norskkurs for arbeidsledige i 2021
- redusere tal permitterte og jobbe aktivt for å tilby alternativ jobb/aktivitet i permitteringsperioden
- Ny beredskapsplan under pandemi
- Plan for å handtere sosiale tenester i region Sogn ved pandemi

Styringsdokumenta til Nav:

- Mål- og disponeringsbrev
- Tildelingsbrevet frå arbeids- og sosialdepartementet
- Partnerskapsavtalen (avtale mellom stat og kommune)

Resultatvurdering:

- God fagleg kvalitet
- Godt resultat etter dialogmøte med Fylkesmannen
- Låge utgifter til sosialhjelp
- Høg sysselsetjing
- Lågt sjukefråvær i Aurland
- God integrering av flyktningar
- Høg arbeidsledigheit

Sjukefråvær:

2019	2020	
0,7%	0%	

Det er ingen sjukefråvær i NAV kommune i 2020

Økonomi/ressurs:

Opphavelig budsjett 2020	Endra budsjett 2020	Rekneskap 2020	%
Kr. 2 000 000	-	Kr. 1 574 046	21,3%

I høve det opphavelige budsjettet har Nav eit mindreforbruk på om lag kr. 426 000,-.

Utgifter i samband med oppfølging av flyktningar vert dekkja av tilskotsmidlar frå Integrerings- og mangfaldsdirektoratet.

Redusert bruk er i hovudsak restanse av leiarlønn, som er delt kommune og stat. Konto «overføring til staten» og løn tilsette viser legre tal enn antatt pga fråvær.

Medarbeidarar:

- 180% årsverk statleg tilsette
- 200% kommunalt tilsette (30% av desse i permisjon heile 2020)
- Einingsleiar 50% - delt med Nav Lærdal
- Leiar for Flyktingtenesta 40% - delt med Nav Lærdal (formelt tilsett i Lærdal kommune). Fungerte som Nav leiar 8 av 12 mnd.

Teknisk eining

Tenesteleiar Reinhardt Sørensen

Kjerneoppgåver/overordna bilde av ansvarsområde:

- Eigedomsforvaltning og grunnnerv
- Drift og forvaltning av kommunale vegar
- Drift og forvaltning av kommunale bygg
- Drift og forvaltning av vatn og avlaupsanlegg
- Drift av miljøstasjon og grøntanlegg
- Brannberedskap
- Kommunal beredskap
- Ureiningssaker og utsleppsaker
- Kart, geodata og oppmåling

Fellesoppgåver som verksemda har ansvaret for (tverrfagleg):

- Gjennomføre kommunale investeringar og prosjekt.
- Delta i rådgjevingssprosjekt knytt til gjennomføring av investeringstiltak i andre tenesteeiningar.
- Kommunal beredskap, beredskapskoordinator.

Mål/utviklingsområde 2020 :

Oppfølging av års- og utviklingsplan for Teknisk.

Gjennomførte tiltak:

- Fotografering av kommunale vegar og innføring av SINUS vegforvaltning.
- Innføring av system og norm for reinhaldsstandard.

Vidareført til 2021:

- Tilsynsstrategi og system for tilsyn med private avlaupsanlegg.


Oppfølging av politiske vedtak

1. Gjennomføring av prosjekt/investeringar/tiltak i samsvar med investeringsbudsjett og økonomiplan. Gjennomføring i samsvar med styringsdokument i prosjekta.
2. Følgje opp driftsbudsjett
3. Organisasjonsutvikling
4. Sikre godt tenestetilbod på kommunale vegar og bygg, samt kommunalt vatn- og avlaupsnett.

Status for vedtak, oppfølging og gjennomføring


- **Viktige hendingar**
 - Covid-19 – oppfølging, koordinering og beredskap.
 - Flaumberedskap – innkjøp av flaumgjerde, flaumhendingar hausten 2020.
 - Viktige oppgraderingar og nyanlegg innan vatn- og avlaup i kommunen.

- Oppgradering og nyanlegg nærmiljøanlegg leikeplassar.
 - Byggestart ny barnehage.
 - Aurland trafikk og parkering: Fastsetting av parkeringsstrategiar og organisasjonsform. Starta opp prosjektering og realisering av parkeringsareal.
 - Oppstart og realisering av bygningsmessige tiltak Aurland helsetun i samsvar med forprosjekt vedteke av kommunestyret.
 - Oppgradering Flåmsdalsvegen.
 - Byggestart skredsikringsvoll Nedre Brekke i Flåm.
 - Prosjektering og grunnnerv turveg Heggvikji – Bøen.
 - Prosjektering og gjennomføring av større VA-anlegg.
- **Brannberedskap:**
 - Statistikk for brann henta frå nasjonal statistikkbase, BRIS: Tal oppdrag i 2020 har vore høgare enn normalt. På den andre sida har det vore færre alvorlege hendingar enn vanleg. Frå og med 2021 er brannvesenet knytt opp til alarmsentralen i Bergen og ein har i siste halvår arbeida for ein saumlaus overgang frå Florø.



Hva rykker brannvesenet ut på?

Inkluderer alle brannvesenets utrykninger. Fordelt på overordnet oppdragstype.



Økonomi/ressurs:

Opphøveleg budsjett 2020	Endra budsjett 2020	Rekneskap 2020	Resultat
24 263 000	25 811 738	24 634 585,38	- 1 177 152,70

Drift:

Inntekter:

Ansvar 500 har i 2020 om lag 3 mill i meirinntekter enn revidert budsjett. Hovudsakleg er dette inntekter fordelt på refusjonar(sjukefråvær), auka husleige og årsgebyr i høve til budsjett. Ved avrekning 2021 i høve sal av vatn og avlaup, må det påreknast om lag 1 mill. i reduserte inntekter. Hovudpunkta her er mindre sal til turistnæringa og Aurland Hamnevesen KF. For 2021 vil dette då medføre inntektstap i høve denne avrekninga.

Utgifter:

På utgiftsida er det ein auke på om lag 3,5 mill i høve til budsjett. I hovudsak er dette utgifter knytt til auka vedlikehald. I høve lønnsutgifter har eininga om lag 1 mill i mindreforbruk grunna vakante stillingar.

Investeringar:

Eininga har levert tenester om lag i samsvar med revidert budsjetttramme. Arbeidet med investeringar i 2020 er prega av at mange av prosjekta inneber eit stort arbeid innan grunnerverv, oppmålingsarbeid, detaljprosjektering, prosjektdokumentasjon og koordinering, søknadar etter plan- og bygningslova og anbudsarbeid. Omfang av investeringar, driftsprosjekt og oppgåver, samt alt beredskapsarbeid knytt til covid-19 og skred-/flaumhendingar i 2020, har vore høgt med tanke på at eininga har hatt vakante ingeniørstillingar.

Medarbeidarar:

Tal årsverk inkl. vikarar og mellombels stillingar. Dette inkludera også Aurland brannvern. Tal årsverk: 27,84. Tal tilsette: 46.

Ingeniørar

Det har vore høgt arbeidspress for ingeniørane på grunn av stort investeringsvolum. I tillegg har desse ressursane gått mykje inn i beredskapsarbeidet knytt til Covid-19 og skred- og flaumhendingar i 2020. Tidlegare nestleiar gjekk over i ny stilling som hamnesjef. Ny nestleiar er på plass.

På grunn av ei tragisk ulykke mista eininga ein ingeniør.

Innan oppmåling har det vore auka arbeidsmengde knytt til oppmålingar i samband med turveg Heggvikji – Bøen.

Reinhald

Det har vore tilsett innan reinhald i løpet av 2020. Reinhald er blant dei tenestene som har hatt auka belastning under Covid-19 pandemi. Tal på sjukefråvær syner at 2020 har vore eit krevjande år for reinhaldarane. Ein del av sjukefråværet skuldast karantene.

Uteseksjon

Uteseksjon har hatt auka belastning under Covid-19 pandemi.

Innan vatn- og avlaup har det vore høg aktivitet til prosjektering og gjennomføring. Investeringar innan VA i 2020 kom på om lag 9,9 mill.

Brannkonstablar

Det er tilsett fire brannkonstablar i 2020 og tre har slutta. Det har vore høg deltaking på utrykkingar på grunn av at fleire har vore heime. Øvingsaktivitet har vore noko låg på grunn av Covid-19 restriksjonar.

Kompetansetiltak

Fagbrev: Tilsette på reinhald og uteseksjon tek fagbrev.

Utdanning av brannmannskap: Pågår fortløpande.

HMS og internkontroll:

- Års- og utviklingsplan
 - o Fokusområde og tiltak:
 - Fotografering av kommunal vegar, ta i bruk SINUS vegforvaltning.
 - Vidareutvikle internt kvalitetssystem og intern kontroll jf forvaltingsrevisjonsrapport etter flaumen 2014.
- Det er etablert formell fullmaktsstruktur for Teknisk eining.
- Prosess og arbeid med system for reinhald.

- Status innmeldte og lukka avvik.
 - o Ingen i drifta. Uønska hendingar i investeringsprosjekta kjem fram av prosjektdokumentasjon og sluttrapportar.

Tilsyn

- Mattilsynet
 - o Tilsyn av vassverka.
 - o Ingen lovbrøt.
- Arbeidstilsynet
 - o Tilsyn av kommunen sine rutinar og opplæring i høve handtering av asbest.
 - o Avvik lukka. Rutine utarbeidd og opplæring av tilsette utført.
- Statsforvaltaren i Vestland(tidl. Fylkesmann):
 - o Tilsyn med kommunal beredskap med hovudvekt på kommunen si handtering av Covid-19 pandemi.
 - o Ingen lovbrøt eller avvik.
- Miljøretta helsevern – måling av inneklima.
 - o Ingen avvik, men det vart tilrådd nokre oppfølgingspunkt. Desse er utført.

Flåm Barnehage

Tenesteleiar: Marianne Christensen

Kjerneoppgåver:

Kjerneoppgåvene ligg i samfunnsmandatet til barnehagen, samarbeid og forståing med heimen ta i vare barna sitt behov for omsorg og leik, fremje læring og danning som grunnlag for ei allsidig utvikling.

Fellesoppgåver som verksemda har ansvaret for (tverrfagleg):

Å ta i vare barnas behov, forutset eit samarbeid mellom dei ulike instansar, som arbeider med barn.

Viktige hendingar:

- Lærling frå SOK, starta august 2020.
- Arbeid med regionalt nettverksarbeid innan fagområda i Rammeplanen. I regi av Sogn regionsråd. Grunna covid-19 har det vore redusert aktivitet i fagnettverka.
- Arbeid med implementering av ny mobbelov, trer i kraft 01.januar 2021.
- Arbeid med inkluderande barnehage og skulemiljø. Redusert aktivitet grunna covid-19.
- Arbeid med regional og kommunal plan for god psykisk helse. Redusert aktivitet grunna covid-19.
- Implementering av tiltakskort i regi av prosjekt tverrfagleg samarbeid barn og unge november 2020.
- Nedstenging av barnehagen 13.mars – 17.april.
- Mykje arbeid med å legge til rette for å få eit godt barnehagetilbod under covid-19.
- Miljøretta helsevern har hatt tilsyn på fast montert elektrisk utstyr, godkjent, med nokre merknadar.

Mål/utviklingsområde :

- Oppretthalde pedagognorma/få rekruttert nok kvalifisert personale.
- Revidering av fagnettverka i regi av Sogn regionsråd
- Få på plass fleire modular i arbeidet med god psykisk helse.
- Tidelig innsats god psykisk helse.

Resultatvurdering:

Barnehagen oppfylte pedagognorma med dispensasjon per 31.12.20.

Indikatorar/nøkkelt:

	2019	2020
	6,0	6,0

I fylgje statistikken i kommunebarometeret har alle barn med rett på plass i Aurland kommune fått barnehageplass.

Økonomi/ressurs:

Opphavelig budsjett 2020	Endra budsjett 2020	Rekneskap 2020	Avvik %
4 560 000,00	4 715 291,00	4 183 281,8	89%

Kommentar og evt tiltak under

- Oppdatering av inventar og leikematerial er nødvendig.
- Ekstra utgifter for å drifte under covid-19.
- Auke i bemanninga grunna høg tilvekst på småbarn.
- Auka med ei stilling frå august 2020.

Medarbeidarar

- Medarbeidarsamtale vart ikkje gjennomført grunna covid-19
- Tal årsverk inkl. vikarar og mellombelse stillingar: 710%

Kommentar og evt tiltak under

- Fokus på godt arbeidsmiljø
- Fokus på vedlikehold av bygning
- Smittereglene rundt covid-19, bidreg til meir fråvær.

Vangen Barnehage

Tenesteleiar: Elisabeth Øynebråten

Kjerneoppgåver:

Kjerneoppgåvene ligg i samfunnsmandatet til barnehagen, samarbeid og forståing med heimen ta i vare barna sitt behov for omsorg og leik, fremje læring og danning som grunnlag for ei allsidig utvikling.

Fellesoppgåver som verksemda har ansvaret for (tverrfagleg):

Å ta i vare barnas behov, forutset eit samarbeid mellom dei ulike instansar, som arbeider med barn.

Viktige hendingar:

- Lærling frå SOK, starta august 2020.
- Arbeid med regionalt nettverksarbeid innan fagområda i Rammeplanen. I regi av Sogn regionsråd. Grunna covid-19 har det vore redusert aktivitet i fagnettverka.
- Arbeid med implementering av ny mobbelov, trer i kraft 01.januar 2021.
- Arbeid med inkluderande barnehage og skulemiljø. Redusert aktivitet grunna covid-19.
- Arbeid med regional og kommunal plan for god psykisk helse. Redusert aktivitet grunna covid-19.
- Implementering av tiltakskort i regi av prosjekt tverrfagleg samarbeid barn og unge november 2020.
- Nedstenging av barnehagen 13.mars – 17.april.
- Mykje arbeid med å legge til rette for å få eit godt barnehagetilbod under covid-19.
- Barnehagane drevet på gult nivå ut 2020
- EI-tilsyn, utarbeida EI-kontroll perm med risikovurdering.

Mål/utviklingsområde :

- Oppretthalde pedagognorma/få rekruttert nok kvalifisert personale.
- Revidering av fagnettverka i regi av Sogn regionsråd
- Få på plass fleire modular i arbeidet med god psykisk helse.
- Tidelig innsats god psykisk helse.

Resultatvurdering:

Barnehagen oppfylte pedagognorma per 31.12.20

Indikatorar/nøkkelt:

	2019	2020
	6,0	6,0

I fylgje statistikken i kommunebarometeret har alle barn med rett på plass i Aurland kommune fått barnehageplass.

Økonomi/ressurs:

Opphavelig budsjett 2020	Endra budsjett 2020	Rekneskap 2020	Avvik %
7 810 000,00	7 226 241,00	7 331 967,53	101%

Kommentar og evt tiltak under

- Oppdatering av inventar og leikematerial er nødvendig.
- Ekstra utgifter for å drifte under covid-19.
- Auke i bemanninga grunna høg tilvekst på småbarn.
- Auka med ei ekstra avdeling frå august 2020, og to tilsette
- To tiltak med vedtak, der me trengte ekstra personale.

Medarbeidarar:

- Medarbeidarsamtale ble ikkje gjennomført grunna Covid - 19
- Tal årsverk inkl. vikarar og mellombels stillingar: 1 410 %
- Fokus på godt arbeidsmiljø
- Prosess rundt ny barnehage
- Smittereglende rundt covid – 19, bidreg til meir fråvær

Aurland barne- og ungdomsskule

Tenesteleiar: Ingrid Steine Bortne

Kjerneoppgåver/overordna bilde av ansvarsområde:

Skulen skal gi ei god og tilpassa opplæring til alle elevar i grunnskule og vaksenopplæring gjennom undervisning, vurdering og planlegging. Me skal legge til rette for at elevane skal oppnå personleg utvikling, fagleg - og sosial kompetanse både på skule og SFO. Elevane skal utvikle kunnskap, dugleik og haldningar for å kunne meistre liva sine og for å kunne delta i arbeid og fellesskap i samfunnet. Visjonen vår er «*ABU skal vere ein skule for alle, med blick for den enkelte.*»

Fellesoppgåver som verksemda har ansvaret for (tverrfagleg):

Tett samarbeid med alle etatar som arbeider med og for barn og unge, samt vaksne som treng vaksenopplæring eller norskopplæring. Sterk involvering i det tverrfaglege prosjektet «*Tverrfagleg samarbeid barn og unge*» er prioritert. Utbreidd samarbeid med Sogn PPT, BUP, Statped Vest, politi, barnevern, flyktningteneste, SJH, skulehelsetenesta med helsesjukepleiar og jordmor, kommunepsykolog, psykiatrisk sjukepleiar, ruskonsulent, fysioterapeut, ergoterapeut, Nærøyfjorden Verdsarvpark, næringsliv, lag og organisasjonar i kommunen, skular og barnehagar i Aurland, prosjektet «System for styrka læring» i Indre Sogn.

Mål/utviklingsområde 2020 :

- Oppnå gode resultat på standpunktvurdering, faglege- og sosiale kartleggingar for barn og vaksne
- Nulltoleranse mot mobbing: førebygge, informere, kartlegge, setje inn tiltak
- Vellukka innføring av ny læreplan frå august 2020 «Fagfornyninga»

Viktige hendingar:

- Gjennomføre trygg og god undervisning gjennom ein nasjonal pandemi
- Gjennomføre og følgje opp prøveeksamen, nasjonale prøvar, kartleggingsprøvar og trivselsundersøkingar gjennom 2020
- Iverksette ny læreplan «Fagfornyninga» i august 2020
- Jobbe med utvikling av god psykisk helse (m.a KLAPP)
- Skulemiljøtiltak som BlimE-dans og felles aktivitetar som skapar «vi-kjensle» på tvers av klassestega
- Framleis satsing på god norskopplæring for minoritetsspråklege vaksne og barn

Resultatvurdering:

Skuleåret 2020/21: 128 elevar + ca 7 vaksne på vaksenopplæring/ norskopplæring. 36 born på SFO inkl. bussborn som har gratis tilbod medan dei ventar på buss heim. Kommunen kjøper tenesta norskopplæring frå Lærdal og Sogndal kommune. Høg bruk av spesialundervisning også dette skuleåret. Ein lærar tek vidareutdanning i engelsk skuleåret 2020/21. Svært gode resultat på grunnskulepoeng våren 2020. Høg grad av trivsel blant elevar og tilsette.

Økonomi/ressurs:

Opphavelig budsjett 2020	Endra budsjett 2020	Rekneskap 2020	%
18. 879 000,-	19. 246 780,-	19. 223 107,-	99,88

Eininga har kome ut greitt økonomisk i 2020, noko som skuldast større personalreduksjonar. Koronasituasjonen har gjort det krevjande, men samtidig har personalet sin innsats gjort at me har spara på vikarutgifter som kunne blitt omfattande i det året me har lagt bak oss.

Økonomien har dei siste åra vore svært krevjande. Behovet for spesialundervisning og tolærarressurs er høgt, samstundes som me reduserer på lærarstillingar. Skulen kjøper naudsynte tenester frå musikk- og kulturskulen og vaksenopplæring i Lærdal og Sogndal.

Medarbeidarar:

Tal årsverk inkl. vikarar og mellombels stillingar

Pr 31.12.20 var me 33 tilsette ved ABU. Dette inkluderte også 1 lærling og 1 lærarvikariat og 2 mellombelse stillingar (reduserte stillingar). Samla årsverk ved skulen var 25,2 årsverk.

HMS og internkontroll:

Me har ikkje hatt avvik i 2020. Me har eit særst lågt sjukefråvær. Men det reelle fråværet er høgare grunna velferdspremisjonar, kurs/møte, ekstra ferieveke for alle over 60 år m.m. Arbeidsmiljøet på skulen vert karakterisert som godt, men me opplever at det stadig vert travlere og meir krevjande jobbsituasjon. Me har ikkje gjennomført medarbeiderundersøking i 2020, men medarbeidersamtalar vert alltid gjennomført årleg. I tillegg svara lærarane på ei eiga lokal undersøking om koronasituasjonen våren 2020. Me har morsmålsopplæring, særskilt norskopplæring og språkpraksis på ABU. Me har utplasseringar av elevar, rettleiing av studentar i praksis og jobbskugging/jobbsmak.

Tiltak: Vidareføre arbeidet med HMS-planen for eininga. Oppfølging av risikovurdering for ABU. Innføring av tiltakskort vert svært viktig i 2021.

Kjerneoppgåver/overordna bilde av ansvarsområde:

Undervisning og drift av SFO

Fellesoppgåver som verksemda har ansvaret for (tverrfagleg):

Samarbeid på tvers i region Sogn, på tvers av kommunale einingar, samarbeid med PPT, BUP og andre faginstansar, deltaking på fagnettverk og i pedagogisk utviklingsteam.

Mål/utviklingsområde 2020 :

- Førebu og innføre fagfornyinga hausten 2020
- Førebygge, avdekke og handtera mobbing og krenkingar, fremme trygt og godt skulemiljø med fokus på god psykisk helse og tett oppfølging frå vaksne – jfr. Kommunal plan for arbeid med god psykisk helse i barnehage og skule i Aurland kommune 2019 - 2023
- Halde trykket på tidleg innsats, fagleg og sosialt, og tilpassa opplæring for alle
- Auka den digitale kompetansen hjå elevar og tilsette
- Implementere tiltakskort og betre det tverrfaglege samarbeidet gjennom deltaking i styringsgruppa «på Tvers» og deltaking på fagdagar
- Kompetanseheving gjennom deltaking på regionale fagdagar

Viktige hendingar:

- Gjennomført store delar av utviklingsarbeidet knytt til innføring av det nye læreplanverket
- Gjennomført digital heimeundervisning og tilrettelagt tilbod i skule og SFO etter koronastenginga 12. mars 2020
- Gjennomført gode smitteverntiltak på alle nivå etter skuleopninga våren 2020, og innført nytt vokabular; t.d kohort, hybridiskule, trafikklysmoell m.m
- Heile skulen sitt teaterprosjekt i 2020, der framsyningane skulle vore veka etter skulen stengde, vart til teater, filminnspeling og smittevernsikre framsyningar/sommaravslutningar i to ulike kohortar for foreldre og elevar
- Korona som innovasjon; Nytenking i metodeval, læringsarenaer og utvikling av nye samarbeidsformer i heimeundervisningsperioden og etter skulestart att
- Høgare digital kompetanse utvikla i rekordfart hjå både elevar og tilsette
- Økonomisk innsparing og tidsgevinst i deltaking på digitale kurs, møte og fagdagar

Resultatvurdering:

Året har vore prega av korona på alle område. Dei tilsette på Flåm skule er til vanleg fleksible, positive og løysingsorienterte. Desse verdiane vart verkeleg testa i ei krevjande tid der alle måtte strekke seg langt på mange område. Både elevar, foreldre og tilsette vart sette på prøve, og dei bestod med glans! Skulen vart brått heildigital; dei fleste fekk undervisninga heime og berre eit fåtal fekk tilbod på skulen. SFO tilbydde lokale tilpassa tilbod. Det var godt for både barn og vaksne å vera fysisk på plass på skulen att, først på raudt nivå og seinare på gult. Organiseringa av skule, SFO og disponering av personalet har gitt nokre utfordringar, men har fungert nær opptil normal drift frå skulestart i haust.

Utfordringar fører til at ein må finne nye løysingar og gjere ting annleis. Pandemien har ført til utvikling av ny kompetanse hjå elevar og tilsette, og nytenking og utprøving på fleire område. Ikkje minst gjeld dette val av læremiddel knytt til fagfornyinga. Vi har valt å bruka god tid på å vurdera både digitale ressursar og tradisjonelle lærebøker frå fleire forlag før vi tek ei avgjerd. Vi oppgraderte noko datautstyr i 2020, men meir må til.

Barnehage og skule har vidareutvikla det tette samarbeidet vi fekk gjennom prosjektet IBOS (Inkluderande barnehage- og skulemiljø). Siste hovudmålet i IBOS-planen er ikkje gjennomført: «Opprette eit lokalt beredskapsteam for å handtere eventuelle mobbesaker og drive førebyggjande arbeid. Utvikle ein felles lokal plan mot mobbing og krenkingar i skular og barnehagar». Dette er det i hovudsak to årsaker til: Prosjektet på «På tvers» arbeider med å opprette tverrfagleg innsatsteam i Aurland kommune. Det bør vurderast om noko av arbeidet rundt mobbing kan leggest til dette teamet. Arbeidet med felles plan i skule og barnehage mot mobbing og krenkingar måtte utsetjast til 2021 då koronatiltak og dagleg drift måtte få mest fokus.

Økonomi/ressurs:

Opphavsleg budsjett 2020	Endra budsjett 2020	Rekneskap 2020	%
6 046 000	6 173 771	5 918 156	96

Medarbeidarar:

Tal på årsverk i skule og SFO er samla 8,2. Av dette er 0,4 årsverk merkantil tilsett. Fordelinga av assistentressursen mellom skule og SFO kan variera gjennom skuleåret, og er ofte ulik frå vår- til hausthalvår. I gjennomsnitt nyttar vi om lag 54 % stilling til assistent i skulen og 85 % stilling på SFO. Frå 13. august 2020 fekk vi lærling i barne- og ungdomsarbeidarfaget. Ho skal ta fagprøve våren 2021.

I samband med koronanedstenginga og heimeskule vart det gjennomført medarbeidarundersøking for å kartlegga erfaringar, utfordringar og positive overraskingar hjå lærarane. Dette ga godt grunnlag for å reflektera rundt arbeidsmåtar, elev- og lærarrolla, digitale fordelar, ulemper, tilretteleggingar og framtidige behov.

Kompetansetiltak:

- Kompetanseheving for lærarane og rektor knytt til fagfornyninga – gjennomført Utdanningsdirektoratet sin kompetansepakke, to digitale samlingar og to leiarsamlingar
- Samling for leiarar med Statsforvaltaren om kapittel 9A i opplæringslova
- Fagdag om psykisk helse – deltaking leiar på SFO, ein lærar og rektor
- KLAPP ("Kompetanseheving i Lærarane sitt arbeid med Positiv helse og Positivt læringsmiljø") er arbeid med i heile personalet i skule og SFO
- Kursdag for heile personalet om selektiv mutisme i regi av BUP og i samarbeid med PPT og Lærdalsøyri skule
- Kursdag for heile personalet i regi av «på Tvers-prosjektet» - innføring av tiltakskort og øving i digitalt opplæringsprogram om samtalar med barn
- Deltaking på diverse webinar og digitale kurs i regi av ulike aktørar; omhandlar alt frå tema om sårbare barn, datasikkerheit, fagfornyninga og utvikling av lærande profesjonsfellesskap

Skulane har tett regionalt samarbeid under Sogn Regionråd. Prosjektet «System for styrka læring» går ut 2021, og eit nytt prosjekt er under planlegging.

Kultur

Tenesteleiar: Monica Hille

Kjerneoppgåver/overordna bilde av ansvarsområde:

Kulturadministrasjon, Kulturvern, Folkebibliotek, Skulebibliotek, Kulturskule, Arbeid med barn og ungdom, Ungdomsrådet, Fritidsklubben, Kulturmidlar, Aurlandsprisen, Aurlandsmarsjen, Folkehelse, Spelemidlar, Idrett, Utstillingar i Heradshuset som Galleri Vinjum og Sivleutstillinga, kontakt mot

frivillege lag og organisasjonar, Arrangement i kommunen, Kulturminnedagar, Namnenemnda, Nynorske Litteraturdagar, Teater Vestland m.m

Fellesoppgåver som verksemda har ansvaret for (tverrfagleg):

- Folkehelse
- Kulturarvplan
- Søknad om spelemidlar, samt oppfølging og slutføring av prosjekta både økonomisk og administrativt. Det same gjeld kontakt opp mot Vestland Fylkeskommune
- Oppdatering og ajourføring av anleggsregisteret
- Ungdomsrådet
- Den kulturelle Spaserstokken, Den kulturelle skulesekken, UKM

Mål/utviklingsområde 2020 :

Kulturskulen:

- I januar 2020 gjennomførte me 3 kulturskulekonsertar: 1 på Flåm skule og 2 i Trudvang. Vellukka og fullt hus. Elevane fekk visa fram det dei hadde arbeidd med.
- Etter at Covid- 19 slo til og me vart nedstengt har kulturskulen snudd seg rundt og levert digital undervisning til elevane i tida frå mars- mai.
- I mai starta me oppatt med «vanleg» undervisning på kulturskulen, både grupper og individuelle timar.
- Frå skulestart hausten og fram til nyttår har me gjennomført så normal kulturskule som me har kunna gjennom dei smittevernreglar me til ei kvar tid måtte ha.
- Dirigenttenester for Musikklag og Songlaget har vore avlyst sidan desember.

Arbeid med barn og unge

- UKM avlyst i 2020 grunna lita påmelding, trenden i landet syner ei synkende interesse. Dette blir det jobba med nasjonalt for å sette i gang tiltak.
- Ungdomsrådet har hatt 3 møte i 2020.
- Klubben har gått som vanleg fram til 12.mars, då det vart nedstenging. Då starta dei tilsette på klubben med oppussing av heile klubblokalet 19. mars, og dei gjorde ein formidabel innsats. Her var det ingen grunn til å sitte i ro nei. Flotte fargar og ny giv slik at det var klart til å ta imot ungdommen att. Godt arbeid!
- Klubben har hatt 2 lærlingar i jan-april (20% stilling)
- Nattevandringa oppstart som vanleg, gjennomført med unntak av aurlandsmarknaden og jordeplerock som va avlyst.
- Klubben var stengt fram til august. Ved oppstart i haust har me endra oppmøtetidspunkt og holdt oss til dei kohortane som gjeld på skulen. Flåm skule 5.-7. klasse har hatt egne tider, og ABU 5.-7.-kl. har hatt sine tider. Det har vore mange aktivitar og ei auke i antal born som er med på aktivitetar generelt på klubben, trass koronatid. Tysdag er det tilbod om leksehjelp på klubben, noko som har vore eit topp tiltak, og godt imotteke av borna. Fredagar har dei stor møttest på klubben 8-10-klasse, og det har vore ein kjekk møteplass for dei i denne tida.

Biblioteket

- Gjennomførte ope møte i samarbeid med Aurland sogelag om digitale tjenester.
- Etter nedstenginga og i påsken 2020 har me tilbydd «take-away» - bibliotek, utlevering ved bestilling. Dette var ei ordning som fungerte fint og brukarane var nøgde, frå mai-juni. I juni vart det opna meir og me kunne tilby publikum noko reduserte opningstider. Eigne smittevernreglar for bibliotek og egne for folkebibliotek, me har heile tida tilpassa oss, og tenestene etterkvart som dei har forandra seg.
- Publikum og me har hatt auka tilgang til fleire digitale tjenester i denne koronatida
- ABU har fått tilbod om lese-kasser til klassane og fått besøkt biblioteket med sine kohortar.
- Juni – opna me biblioteket for publikum med noko redusert opningstid (stengt laurdag).

Den kulturelle spaserstokken

- Har hatt tilgang til digitale opplevingar, syng sammen, lytt og aktivitetar. Dette er tenseter som dei på helsetunet har nytta seg av, populære tiltak

Kulturadministrasjon

- Kulturmidlar 2020, saksførebuing og tildelingar.
- Førebuing av 8. mai og 17. mai saman med andre frivillege lag. Me har markert dagane så godt me kunne med digitale løysingar, og har fått gode tilbakemeldingar.
- Aurlandsmarsjen 8. august, fleire påmelde enn i fjor, ca 100 personar
- Spelemidlar, revidering av reknskap for Symjehallen og Brekkefossen. Spelemidlar er utbetalt.
- Deltakande i prosjektgruppa «På tvers» eit tverrfagleg samarbeid for barn og unge

Nynorske litteraturdagar

- Me såg oss nøydde til å avlyse arrangementet i år. Styret hadde bestemt at me vil prøve å gje tilbod om nokre arrangement til skulane og biblioteka, men utover hausten vart dette umogeleg.

Galleri Vinjum

- Me hadde planar om å lyse ut stipend i 2020, 90 års jubileum i år for Johannes Vinjum. Korona sette ein stoppar.

Kulturvern

- Kommunen har vore deltakande i arbeidet med Restaureringsplanen for Vestnorsk fjordlandskap. Samarbeid med Vestland fylkeskommune og parken.
- Å gje hjelp og støtte til grunneigarar dersom dei treng det i planarbeidet med restaurering av bygg, dette i samarbeid med parken. Skrive høyringsuttalar til søknad om tilskot.
- Kontakt opp mot Fylkeskommunen og det pågåande fredingsarbeidet av Otternestunet.
- Oppretting av kulturarvteam i kommunen, ei tverrfagleg gruppe innan kultur, landbruk, bygg og planavdelinga. Dette for betre samstyring av tenestene våre.

Aurlandsprisen 2020

- Vart tildelt Aurland Songlag. Det er Levekårsutvalet som handsamar denne saka. Songlaget fekk Aurlandsprisen for sin store innsats som kulturformidlarar og gledesspreiarar gjennom 111 år. Aurland Songlag har vore føreslegne både i 2013, 2014, 2017, 2019 og til slutt i 2020. Prisen vart delt ut i samband med kommunestyret sitt julemøte torsdag 10. desember. Ordførar Trygve Skjerdal og leiar i Levekårsutvalet Frode Aas Tuftte sto for utdelinga.
- Biletet til diplommet var laga av Oline Stigen Sørensen 10 år.

Resultatvurdering:

Mål/utviklingsområder:

- Bibliotekutvikling, samarbeidsplan mellom skule og folkebibliotek
- Samarbeidsavtale utarbeida med biblioteka i Indre sogn
- I haust har me jobba med ideen om «Sommarbibliotek» på Heradshuset, og me har søkt og fått innvilga 75.000,- til aktiv formidling frå Nasjonalbiblioteket. Måla vårt er å gjere biblioteket meir tilgjengeleg, og nå fleire og nye brukarar, samt auka formidlinga av litteratur. Ved å gje bygdafolket «eit pop up» *Sommarbibliotek -med lesing i sentrum*, med eit breiare tilbod på Heradshuset med auka opningstider på utstillingane, samt eit variert sommarprogram, håpar me å nå måla våre. Me ynskjer at Heradshuset vert ein møteplass for alle og at det fører til nye brukarar av våre bibliotektenester.
- Kultureininga vil overta og fullføre planarbeidet for kulturarvplanen, og gjennomgå dei innkomne innspela etter høyringsrunden.

•

Økonomi/ressurs:

Opphavelig budsjett 2020	Endra budsjett 2020	Rekneskap 2020	%
4 995 000,-	5 060 424,-	4 703 476,-	93 %

Kort resultatvurdering:

Covid-19 har vorte ei utfordring for oss på kultur. Nedstenging av tilbod me elles leverar. Personale har snudd seg rundt, sett på og ordna digitale løysingar for å få oppretthalda eit so godt tilbod som mogeleg, dette gjeld Kulturskule, Klubben og Biblioteket.

Me har kome oss godt ut av det økonomisk i dette Covid-året, til tross for reduserte inntekter. Kulturskulen har hatt tapte inntekter som følgje av Covid-19. Me måtte i vårhalvåret gå for redusert kontingent for dirigent tenestene våre og for gruppeundervisningar, sidan dette vart avlyst i fleire veker som følgje av nedstenginga. Kontingenten vart utrekna etter kor mykje undervisning dei hadde fått dette vårhalvåret. Hausthalvåret gjekk som normalt med normale kontingentar. Likevel må det understreka at det var eit lågt elevantal ved oppstarten av hausthalvåret, dette var også trenden i resten av landet. Korona har hatt ein negativ påvirkning på elevtala i kulturskulen både lokalt og nasjonalt. Men med bevisst målsetjing om auka antal elevplassar, so gjekk pila oppover, og ved årsslutt såg tala betre ut.

Må også nemne at kulturskulen yter gratis teneste til alle barnehagane i kommunen vår: Flåm, Vangen og Spiren barnehage får 40 minutt kvar med musikkbarnehage annakvar veke. Dette utgjør tilsaman 2 timar med 2 pedagogar annakvar veke (tilsvarande 20 % stilling). I 2020 har musikkbarnehagen vore for 5 åringane, dei som skal starta på skulen til hausten. Tilbodet har vore godt motteke.

Medarbeidarar:

Tal årsverk: 6,55 årsverk, fordelt på 12 tilsette. (lærlingane er ikkje medrekna)

Kulturadministrasjon: 1,80 årsverk

Bibliotek: 1,20 årsverk

Kulturskule: 2,65 årsverk

Klubben: 0.9 årsverk

Februar/mars vart det gjennomført medarbeidarsamtalar som fast rutine innan HMS

HMS og internkontroll:

- Status innmeldte og lukka avvik: 1
- Risikovurdering av kultureininga, samt handlingsplan vart utarbeidd i 2020.
- Gjennomførte kontrollar og eventuelle resultat og iverksette tiltak: 1, støydempende plater på Heradshuset

Rådmannsfunksjon (ansvar 110)

Forvaltning og utvikling

Leiar: Norunn Haugen

Kjerneoppgåver:

- Kommunal planlegging
- Handsaming av private reguleringsplanar
- Byggesakshandsaming
- Næringsretta arbeid
- Kommunalt eigarskap
- Samfunnsutvikling
- Landbruk (eiga årsmelding for landbruk)

Fellesoppgåver som verksemda har ansvaret for (tverrfagleg):

- Samfunns- og økonomiplanlegging
- Reguleringsplanar
- Koordinere kommunen sitt arbeid med vassforvaltning, klimatilpassing og næringsretta arbeid.
- Oppfølging av verdsarvstatus og verneområde

Aktivitetar 2020

Vedtekne planar og plansaker:

- Bustadpolitisk plan – vedtak av plan
- Områdeplan for Mjølfjell - vedtak av plan
- Gondol i Aurland – avklaringssak
- Detaljregulering Nigarden Nedre Brekke – avklaringssak
- Detaljreguleringsplan for varehuset Brødrene Wangen – vedtak av plan
- Områdeplan Flåm – avklaringssak - folkemøte
- Detaljreguleringsplan for Kannikteigen – vedtak av plan – mekling med Fylkesmannen
- Detaljregulering med konsekvensutgreiing – vedtak av planprogram Nærøyfjorden næringskai
- Økonomiplan – vedtak av plan
- Kommunal planstrategi 2020-2023
- Kartlegging og verdisetting av friluftslivområde
- Sti og løypeplan i prosess

Byggesak:

- Det er gjort 76 delegerte vedtak med heimel i plan og bygningslova i 2020. Dette omfattar løyve til tiltak, igangsetting, ferdigattest og klager på administrative vedtak.
- Samla gebyr som er fakturert er NOK 448.000
- Mange rettingar i matrikkelen på bakgrunn av nytt faktureringsystem hjå SIMAS
- Frå 13.01.2020 vart ansvar for byggesak lagt til forvaltning og utvikling. 300 byggesaker var då registrert som «saker under behandling» i arkivsystemet. Det er behov for ein gjennomgang av gamle saker. Dette krev ressursar og har ikkje blitt prioritert i 2020.

Næring og konsesjonskraft:

- Tildeling av midlar frå kommunalt næringsfond (covid-19 midlar)
- Tildeling av midlar frå konsesjonsavgiftsfondet
- Bedriftsrådgjeving
- Omsetning av konsesjonskraft i tråd med gjeldande strategi. I 2020 var staumprisane låge slik at omsetning av konsesjonskraft i den frie marknaden gav låg avkastning.

Fråsegner:

- Kjosfoss kraftverk og regulering i Flåmsvassdraget
- Nasjonal transportplan
- Regional plan for innovasjon og næringsutvikling
- Fråsegn til planprogram for regional transportplan
- Fråsegn utviklingsplan for Vestland
- Persontransportløysingar ved stenging av veg

Kort resultatvurdering:

- Byggesak – kommunen har ikkje hatt ressursar til å følgje opp tilsynsplan i 2020.
- Det har ikkje vore statleg tilsyn på dei områda som ligg til forvaltning og utvikling i 2020.
- Generelt har avdelinga hatt kapasitet på grunn av fråvær og vakanse.
- Ein tilsett har gjennomført etterutdanning (SAMPLAN)

Inntekter FORUT 2020 (ikkje budsjetterte):

Kommunal næringsfond NOK 1.672.102

Kompensasjon til lokale verksemdar NOK 200.000 (er unytta over vert tilrådd overført til fond)

Refusjon av sjukepengar NOK 200.000

Tilskot stil og løypeplan NOK 200.000

Medarbeidarar:

Forvaltning og utvikling har 5 stillingar og 5 årsverk.

Støtte og digitalisering

Leiar: Beathe Ekhall Stentvedt

Kjerneoppgåver/overordna bilde av ansvarsområde:

Støtte og digitalisering har ansvar for drift og utvikling av fellestenester og støttetjenester til einingane.

- Arkiv
- IKT
- Informasjon
- HR/Personal
- Politisk sekretariat
- Økonomi, løn og fakturering for Aurland og Lærdal kommune
- Sentralbord/resepsjon

Fellesoppgåver som verksemda har ansvaret for (tverrfagleg):

Rutinar og reglement innafor GDPR, IKT, økonomi og personal.

Kvalitetssystemet EQS, heimesida, Facebooks-sida, bedriftshelsetenesta, skulefagleg rådgjeving

Aurland kommune - årsrekneskap og årsmelding 2020

Mål/utviklingsområde 2020 :

Viktige hendingar

- Året bar preg av Covid-19. I periodar jobba nesten alle i avdelinga heimekontor. Dette førte til utvikling av arbeidsmetodar. Vi måtte bli meir digitale og finne ny arbeidsflyt. Dei tilsette tilpasse seg dette svært godt.
- Fokus på dagleg drift
- Flytta legesystemet Plenario frå lokal server til sky hjå leverandøren
- Grunna smittevern var hovuddøra på rådhuset stengt i lange perioder. Besøkende måtte ringe på døra for å komme inn. Alle tenester vart drifta som normalt.
- For første gong vart kommunestyremøte og andre politiske møte gjennomført digitalt.
- Starta utbygging av breiband i området Li/Vikesland/Kvitt/Otternes
- Kurs psykososialt arbeidsmiljø og stressmestring gjennom bedriftshelsetenesta

Medarbeidarar:

11 årsverk fordelt på 12 personer.

Var utan IKT-konsulent frå starten av året til 20. april 2020. Da starta ny ikt-konsulent.

Var utan politisk sekretær 8. juli - 7. oktober 2020

Var utan HR/personalrådgjevar heile året.

Mangler ressurs på informasjonsarbeid.

Sjukefråver:

Korttidsfråver 0,89% (Eigenmelding)

Langtidsfråver 4,55% (sjukemelding)

Sjukefråver totalt 5,44%

Ansvar 110 sitt sjukefråver ligg litt høgare enn gjennomsnittet i kommunen.

HMS og internkontroll:

Det er meldt inn avvik i samband med høge tal på restansar på arkivet. Dette er fulgt opp gjennom internopplæring.

Skulefagleg ansvarleg

0,5 årsverk

Fylkesmannen i Vestland har gjennomført tilsyn på Kommunen sitt forsvarlege system med PPT.

Utarbeide sakkunnige vurderingar, inkludere eleven sitt syn og hjelpe skulane med å utvikle kompetansen og organisasjonen. Tilsynet vart avslutta 29.10.20.

Økonomi/ressurs (samla rapportering for rådmannsfunksjonen – ansvar 110):

Opphavelig budsjett 2020	Endra budsjett 2020	Rekneskap 2020	%
22 129 000	22 421 137	26 532 505	118%

Meirforbruk på omlag 4 mill. skuldast primært auka overføring til privat barnehage.